

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 33/2011

Møtedato: 30.8.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

F 250, Flikja – tidsavgrensa feste

Lars Tvenge har hatt eit tidsavgrensa feste på den gamle bua som mjølkebilsjåførane hadde på Flikja ved Kvitehaugen. Lars Tvenge gjekk bort sist haust. Festekontrakt seier at ektefelle kan behalde bua i si levetid, men det blir opplyst at dette ikkje er aktuelt. Arvingane meiner huset er for bra til å rive og ynskjer i staden å gi bort bygget til fjellstyret eller ein organisasjon.

Fjellstyret såg på saka under befaring i vår saman med Statskog og borna til festaren. Statskog opplyste på befaring at det ikkje var merknader til at fjellstyret kunne overta bygget..

Fjellstyret må ta stilling til om ein ynskjer å overta bua og vurdere kva slag bruk som er aktuell. Det kan vera ein kombinasjon av eige bruk og bortleige eller berre eige bruk.

Vedtak

Når Statskog har ordna det formelle med noverande eigar, ynskjer fjellstyret å overta bua om dette skjer vederlagsfritt.

Ved sidan av eige bruk ynskjer fjellstyret at bua også kan brukast av andre, men det er ikkje aktuelt å ha dette som ei open bu. Korleis bruk av andre skal organiserast har ikkje fjellstyret teke stilling til, men det må vera ein form for leige der bua må tingast på førehand.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.8.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog